



HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET 2023

Styret har hatt denne samansetninga i perioden

Leiar	Arild Even Lillebø Opsal
Nestleiar	Asgeir Bakke
Kasserar	Tone Anette Espe
Styremedlem	Øyvind Haugland
Styremedlem	Hans Inge Lien Vereide
Vara og medlemsansvarlig	Steven Johnsen

Haugen IL har hatt desse undergruppene

- Alpin
- Fotball
- Friidrett
- Langrenn

Møter

Hovudstyret hadde 5 møter i 2023 der nokre omfatta gruppeleiarane.

Representasjon

Haugen IL er partseigar i Harpefossen Skisenter AS, Eid Idrettspark AS og AL Vårtun.

Klenkarberget

Det blei gjennomført vanleg vårrydding på anlegget samt ein ekstra innsats på sandbanene og området rundt. Rullane med kunstgras blei flytta og ligg lagra på ein god plass medan vi ventar på godkjent deponering. Nye sponsorskilt blei hengt opp og informasjonstavla for anlegget blei montert ved innkøyrsla etter godkjenning frå vegavdelinga i fylkeskommunen.

Grasbana blei lufta og strødd med sand og tilbakemeldingane frå fotballgruppa er gode, men det er ynskjeleg med ei betre løysing på sandstrøinga.

Sandbanene blei høgtidelig innvia med ei turnering i sandhandball arrangert av handballgruppa i Eid IL. Flott ver og stor deltaking gjorde turneringa til ein suksess og alle var nøgde med anlegget.

Klubbhuset

Den godkjende søknad om spelemidlar til rehabilitering blei fornya med oppdaterte kostnader.

Lysløypa på Tippasætra

Rehabiliteringa av brua over Kvandalselva blei ikkje oppstarta, vi satsar på at dette blir utført til sommaren.



HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Eid idrettspark

Eid idrettspark er eit samarbeid mellom Haugen IL, Eid IL, Heia IL og Stad kommune. Idrettsparken, som ligg mellom ungdomsskulen og Eid Idrettshus, har kunstgras med undervarme. Driftsutgiftene blir fordelt etter bruk og fotballgruppa vår betalar om lag 15.000 kr pr år.

Harpefossen skisenter

Det blir lagt ned mykje arbeid på skisenteret og dugnad utgjer ein stor del av verdiskapinga. Før sesongstart var det fokus på vedlikehald av trasear, heisar og maskiner.

Skikrinsen 100 år

Sogn og Fjordane skikrins fylte 100 år i 2023, noko som blei markert med jubileumsmiddag på hotell Alexandra 21. oktober. Der var Marianne Kjørstad og Andor Smørdal særskilt invitert. I tillegg var laget representert ved Anders Engeland og Hilde Katrin Engeli for skigruppa samt leiar av hovudstyret. Det var ei fin og høgtideleg markering.

Basaren

Basaren blei gjennomført 29. oktober med godt oppmøte og god stemning. Basaren gjev ei kjærkoma inntekt for hovudstyret.

Økonomi

Vi fekk 200 000 kr i spelemidlar gjennom skiforbundet for kjøp av utstyr for preparering av skiløyper. Det gjald løypemaskin og ein kompaktor (rulle med sporleggar). Ettersom løypemaskina blei utgiftsført over fleire år vil momskompensasjonen følgje den ordinære årvisse momskompensasjonen. Laget har god likviditet med ein eigenkapital pr 31.12.2023 på 1 895 428 kr mot 1 886 710 kr året før, til tross for eit underskot 90 046 kr i 2023.

Laget hadde 334 betalande medlemmar pr 31.12.2023

Vi takkar alle frivillige for den store innsatsen i 2023 og vonar på eit framleis godt samarbeid.

Haugen 16.03.2024

Arild Lillebø Opsal

Asgeir Bakke

Øyvind Haugland

Hans Inge Lien Vereide

Tone Anette Espe

Steven Johnsen (vara)